



I eit hjørne i inngangspartiet til SPAR står det no eit juletre som nesten ikkje er pynta. Det har sin eigen, litt triste historie, men den er enno ikkje slutt. Historia er slik:

På Helgheim under julegrantenninga fredag kveld arrangerte 'aktivitetsvennene' pepperkakepynting. Meiningen var at pepperkakene med pynten etterkvart skulle festast på juletreet, men det vart for lite pynt og dermed går no utfordringa til dei som måtte ha lyst til å delta i ein spesiell konkurranse:

Pynt juletreet og vinn ei godtekorg som vert utdelt lille julaften!

Gunn Mari Moberg presiserar at ein kan pynte med kva som helst, ikkje nødvendigvis pepperkaker, berre treet blir sjåande nokonlunde ut.

Bruk fantasien og den estetiske sans. Og gløym sjølvsagt ikkje å skrive på namnet på 'kunstnaren'.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.